LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Ck Nor Bygg AS
Skjellvikaveien 12C
3237 SANDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3234 - 19/38708

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2019

# Foreløpig svar på søknad - gbnr 177/36 Nesse

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Lagerhall |
| Byggjestad: | Gbnr: 177/36 |
| Tiltakshavar: | Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks |
| Ansvarleg søkjar: | Ck Nor Bygg AS |

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar søknad om oppføring av lagerhall den 28.11.2019 og saka har saksnummer 19/3234.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.
Tidsfristar for behandling går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i saksbehandlingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| Sakstype | Tidsfrist |
|---|---|
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan. | 12 veker |
| Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og | 12 veker |

| | |
|---|---|
| regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5. | |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.<br>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetting | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.<br>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ck Nor Bygg AS | Skjellvikaveien 12C | 3237 | SANDEFJORD |
| Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |
| Nordhordland og Gulen Interkommunale | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |

**Kopi til:**
Renovasjonsselskap Iks

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ck Nor Bygg AS | Skjellvikaveien 12C | 3237 | SANDEFJORD |